

Kommentar:

## Ein diskusjon som lyt takast

Dei såkalla borgarlege partia er ueinige om mykje, men noko er dei tilsynelatanda svært så einig om.

Programkomiteane i Kristeleg Folkeparti, Venstre og Framstegspartiet peiker alle på at det er problematisk at Noreg i dag har så mange som 430 kommunar. Stortingsrepresentant **Bent Høie** i Høgre fortel i eit intervju med «Stavanger Aftenblad» nyleg at Høgre i sitt programforslag vil "fastslå at dagens kommunestruktur ikkje er bærekraftig og må endres".

Per Sandberg leier Framstegspartiet sin programkomité. Han tapte kampen for tvangssamanslåing på Framstegspartiet sitt landsmøte i 2007, takk vere blant andre Os-ordførar **Terje Søviknes**. Men Sandberg let ikkje til å vera viljug til å gje seg, han er ifølgje «Stavanger Aftenblad» innstilt på å ta ein ny vri til våren:

– Me vil gje KS og kommunane sjølve to år på å foreslå frivillige samanslåingar til store og robuste kommunar, seier Frp-politikaren. Dersom det ikkje fungerer så meiner han at staten får "komme på banen med pisk og tvang om få år".

### Men kva med kommunestrukturen?

I fylkestingsvalet 2007 stemte annankvar fusing og over to tredjedelar av osingane på eit av dei nemnde fire partia. Ved stortingsvalet to år tidlegare gjorde dei det omlag like godt.

På bakgrunn av dette er det rimeleg å etterlysa ein diskusjon lokalt i *både* kommunane: Kva meiner innbyggjarane i Os

og Fusa om kommunesamanslåing? Kva meiner – ikkje minst – politikarane og veljarane til Frp, Høgre, Venstre og Kristeleg Folkeparti?

Det har vore lite debatt om dette lokalt, sjølv om *Magne Djuvik* – den gongen som leiar for Tverrpolitisk Samlingsliste – i 2004 gjekk ut med støtte til ein storkommune bestående av Os, Fusa og Samnanger. Også *Atle Kvåle* (Ap) meinte at dette var eit bra alternativ, dersom det fyrst skal verta kommunesamanslåing.

– Me må unngå å koma i ein situasjon der me får tredd ei samanslåing ned over hovudet på oss. Me må setja oss i førarsetet og sjølve koma med meiningar om korleis me vil ha det, sa varaordføraren for fire år sidan.

I juli same året skreiv Terje Søviknes (Frp) i eit lesarinnlegg at ny E39 vil leggja grunnlaget for ein moderne kommune, og skreiv vidare:

"Har ikkje Os den naudsynete vekstkraften i seg, kan vi berre gløyma å bestå som eigen kommune. Då er dei mest nærliggjande alternativa å bli ein del av Bergen eller gå saman med Fusa og Samnanger. Det første er iallfall ikkje lysteleg".

### Storkommunen Os – ein absurd konstruksjon

Problemet med framlegget om storkommunen Os er at resultatet rett og slett ikkje heng på greip.

Sjølv over 40 år etter at Strandvik, Fusa og Hålandsdal kommunar vart samla til ein kommune ber storheradet Fu-

sa preg av å vera ein kunstig konstruksjon. At Ølve og Hatlestrand (og for den del Varaldsøy) ligg i Kvinnerhad understrekar det ulogiske i dagens kommunegrensar.

Dette kan ikkje botast med å slå Fusa saman med Os og Samnanger; Osøyro er knappast noko naturleg sentrum for fusingane og *slett ikkje* eit naturleg senter for samningane, som har kortare veg til Arna.

Den felles fortida dei tre kommunane har i gamle Ous herad er *nettopp* fortid, knytt til ei tid der fjorden var hovudfartsåre.


Ideen om desse tre kommunane som ein storkommune er mest av alt eit teikn på manglande iderikdom. Sjølv ein storkommune bestående av Os, Fusa, Ølve, Hatlestrand og Tysnes ville vera meir logisk.

### Frå personval til partipolitikk

Det finst ei rekkje gode argument for at små kommunar er betre enn store og for at også dei borgarlege partia burde lata kommunestrukturen vera i fred.

Ikkje minst har småkommunane ein fordel i at lokalpolitikarane er folk ein møter på butikken – difor kjem val i småkommunar ofte svært nær å vera reine personval.

Men store kommunar kan òg ha demokratiske fordelar. For det fyrste kan det tenkjast at større og sterkere kommunar kan kjempa seg til å overta meir ansvar frå høgare forvaltningsnivå. For det andre vil store kommunar ofte ha meir levande *partipolitikk*.



Heng Midthordland kommune – som vist på dette kartet – i det heile på greip? (Arkiubilette)

I Bergen gjer dette seg blant anna utslag i Sentrumsalliansen, eit nesten umerkeleg lite parti grunnlagt av utbrytarar frå Arbeidarpartiet. Tidlegare i år foreslo *Terje Dalland* i Sentrumsalliansen at Os skal leimast inn i Bergen. Han meiner ein ny E39 berre vil styrkja argumenta for samanslåing, og han trur ei samanslåing vil styrkja Bergen; og med det Vestlandet som region.

No er det vel tvilsamt at særleg mange osingar – inklusiv dei som stemmer på dei borgarlege partia – har særleg lyst til å verta bergensarar. Trass i det er det liten tvil om at ei slik samanslåing ville vera meir logisk enn storkommunen Os. Bergen er sentrum. Osøyro er det *ikkje*.

Kva då med fusingane og samningane?

Samnanger kunne også gå saman med Bergen, betre å vera ein utkant i by'n enn å vera ein utkant i Os. Betre ville det likevel vera om Arna kommune kunne stå opp att frå grava, og verta lagt saman med Vaksdal, Osterøy og Samnanger. Ein slik kommune ville hengja geografisk på greip og dessutan ha eit

klårt definert sentrum.

Fusa kunne verta ein del av ein *liten* storkommune saman med Tysnes, Hatlestrand, Ølve, Mundheim og Varaldsøy; ein kommune som ville ha nær 8.000 innbyggjarar.

### Ansvar

Same kva ein måtte meina om framlegga ovanfor er dette ein diskusjon som både osingar og fusingar *lyt* taka, ikkje minst sidan det er all grunn til å tru at eit nytt stortingsfleirtal vil ynksja å setja fart i kommunesamanslåingane.

At mange av oss kan vera einig om at både Os og Fusa framleis gjer seg best aleine hjelper lite så lenge ein samstundes vil samanslåingskåte stortingspolitikarar. Dersom debatten *ikkje* vert teken lokalt kan det fort verta *andre* som avgjer alt om kommunegrensene. At det gjev merkelege utslag treng ein neppe reisa lengere enn til Nordvik i Lysefjorden for å sjå.

Øyvind Strømmen

## Feilinformerer om børstap

I et intervju publisert i Bergensavisen torsdag 11. september opplyser ordfører **Terje Søviknes** at Os kommunes tap siden høsten 2007 som følge av investeringer i fond og børs begrensar seg til mellom 12 og 15 millioner kroner. Dette er ikkje riktig og kan derfor ikkje stå uimotsagt.

Søviknes forteller i beste fall bare halve sannheten. Per dags dato er det riktige tapstallet inklusiv renteomkostninger sannsynligvis nærmere 40 millioner kroner.

Status på finansporteføljen rapporteres månedlig fra forvalteren, og siste fremlagte rapport som kom 24. august viser status per 31. juli. I perioden oktober 2007 til juli 2008 (10 måneder som det refereres til i intervju-

et) har kommunen hatt et totalt tap på om lag 27 millioner kroner inklusive renteomkostning (14 + 13 mill. kroner).

I tillegg kommer ukjente tap i september, hvor bl.a. Oslo børs i skrivende stund har rast med hele 15%. Det er ikke usannsynlig at kommunen etter 31. juli har pådratt seg ytterligere tap på 10 – 15 mill. kroner, men det gjenstår jo å se når forvalteren legger frem sine rapporter.

Med 735 millioner kroner i netto langsiktig gjeld er Os den kommunen i Hordaland som har høyest gjeld i forhold til brutto driftsinntekter. 260 millioner kroner benyttes til spill på børs og fond. Det er etter min oppfatning helt hinsides at et politisk flertall i en så gjeldsbelastet kommune skal kunne bruke innbyggerne sine penger til denne typen risikobelagte spill.

Siden mai 2007 har undertegnede gjentatte ganger gjennom debattinnlegg i pressen og innlegg i kommunens politiske fora tatt sterkt til orde for å trekke midlene ut av markedet og heller betale ned på store og kostbare lån. En samlet opposisjon har også stemt for dette i kommunestyret. Men som kjent er det "makta som rår".

Om flertallet hadde fulgt opp-



Om ordfører **Terje Søviknes** og resten av flertallet hadde fulgt opposisjonens sterke anbefalinger i fjor, så hadde Os i dag hatt bortimot 40 mill. kroner mer å rutte med, hevder innsenderen. (Arkiufoto)

osisjonens sterke anbefalinger i fjor, så hadde vi i dag altså hatt bortimot 40 millioner kroner mer å rutte med i kommuneøkonomien. Dette er mye penger i en kommuneøkonomi som ved siste budsjettbehandling var preget av nedskjæringer både i skole- og helsetilbudet.

Eirik Neverdal

Tverrpolitisk Samlingsliste  
Medlem Os formannskap og Os  
kommunestyre

## Vern av dyrka mark

Eg har nokre spørsmål til landbruksavdelinga i Os kommune når det gjeld gjenoppbygginga/utvidinga av Lyssand Gartneri A/S.

Kunne ikkje landbruksavdelinga hindra at så mykje av den dyrka marka vert nedbygd på Skeisflaten, til dømes gjennom å berre tillata ei utviding av eksisterande bygningmasse, og at gjenoppbygginga ikkje skal skje på dyrka mark etter brannen?

Kva signal sender landbruksavdelinga ut til dei som i dag har småbruk som tilleggsjord og baserer seg på det som ein del av sitt eksistensgrunnlag? Må dei vere på vakt, eller kan dei vere trygge?

Eg spør på bakgrunn av ein uttale frå landbruksavdelinga i denne saka: "Eiendommen er liten og har ikkje noko sjølstendig drift i dag".

Det er gjeve løyve til ei frådeling av totalt 15 daa. 13 daa av dette er dyrka areal, om vi plussar på brantomta. Kor mykje dyrka mark kunne vore spart i denne saka

om landbruksavdelinga hadde gripe inn?

Er det rart at Landbruks- og Matdepartementet vil stramma inn grepet i kommunane når det gjeld jordvernssaker?

Lyssand Gartneri A/S er etter reguleringsplanen for noverande bygningar vurderd som næringsverksemd gartneridrift, om eg ikkje tar feil. Korleis kan det då ha seg at verksemda kan få utvida som landbruk i to ulike reguleringsplanar? Er det i tråd med gjeldande lover at næringsverksemdar kan få utvide verksemda på tvers av to reguleringsplanar? Eller er dette berre ein måte å få lett tilgang på landbruksareal?

Eli Skåla

” Med 735 mill. kroner i netto langsiktig gjeld er Os den kommunen i Hordaland som har høyest gjeld i forhold til brutto driftsinntekter.